

Høyringsvar – utkast til statleg planretningsline for klima- og energiplanlegging i kommunane

Kommunane er generelt skeptiske til at den detaljerte planretningslina vert innført, og spør om vi treng den.

Vi meiner at plan- og bygningslova allereie dekkjer føremål, verknader og ansvar (jfr. punkt 1 – 3 i framlegget), og vil særleg peike på at:

- Vi har plan- og bygningslova § 1-1, som seier at ”Lova skal fremme bærekraftig utvikling til beste for den enkelte, samfunnet og fremtidige generasjonar”.
- Vi har plan- og bygningslova § 1-4, som seier noko om plan- og bygningsmyndighetene sine plikter.
- Vi har plan- og bygningslova § 3-1, som m.a. seier at planar etter denne lova skal ”ta klimahensyn gjennom løsnings for energiforsyning og transport”. Det står også at planar m.a. ”skal bidra til å gjennomføre internasjonale konvensjoner”.
- Vi har plan- og bygningslova § 3-3, som seier noko om kommunen sine planleggingsoppgåver og om planstrategi.

I tillegg har vi ny og gammal bygningslov med forskrifter, der energi og klima er og vil bli vektlagt særskilt. Saman med rettleiingsmaterieil frå m.a. Enova, meiner vi at punkt 4 i framlegget også er dekkja.

Alle kommunar har utarbeidd eller skal utarbeide eigen energi- og klimaplan. Kommunane i Nordhordland presiserer at vi støtter eit auka fokus på energi- og klimaplanlegging. Skepsisen mot ei eiga planretningsline går på form, ikkje på saksfeltet. Det aktuelle framlegget synes å gje uttrykk for ein politikk (særleg punkt 1), som bør uttrykkjast gjennom andre kanalar. Sidan energi- og klimaplanlegginga er godt ivareteke frå før, vil ei ny statleg planretningsline på dette feltet har liten effekt, etter vårt syn.

Klima- og energiplanlegging er eit tverrsektorielt samarbeid, og ein skal komme fram til konkrete tiltak som skal finansierast og gjennomførast. Vi treng ein effektiv statleg politikk og strategi for å styrke samarbeid, finansiering og gjennomføring av dei nødvendige tiltaka. I følgje St.meld.nr.34 (2006-2007) om Norsk klimapolitikk, har kommunal sektor ansvar for å nå nærare fastsette mål på områda

- energibruk
- areal og transport
- landbruk
- avfall

Kommunane rapporterer på energibruk i offentlege bygg, stiller krav til private bustader og andre bygningar i tråd med regelverket, og driv samordna areal- og transportplanlegging. Handlingsrommet i den enkelt kommunen er derimot relativt lite. Fylkeskommunale og statlege regionale styresmakter har hand om verkemiddel knytt til kollektivtransportsektoren, vegutbygging, konsesjonar, forskning og teknologiutvikling osb. Den statleg planretningslina er etter vårt syn ikkje det som skal til for å redusere energibruken og betre klimaet på sikt, her trengs nasjonal satsing av eit heilt anna format.

Dersom ein likevel ønskjer å markere ein sentral politisk innsats på området nå, bør dei tre første punkta i utkastet halde. Punkt 4 i utkastet høyrer etter vårt syn heime i rettleingsmateriell.

Knarvik, den 31.07.2009
Nordhordland digitalt

Kåre Wiik Lindås (leiar)	Arne Aven Austrheim	Øyvind Tolleshaug Fedje	Magne Instefjord Gulen	Tor Hegle Lindås
-----------------------------	------------------------	----------------------------	---------------------------	---------------------

Anne Kristin Rafoss Masfjorden (nestleiar)	Anny Bastesen Meland	Kjell Langeland Modalen	Nils Myking Osterøy	Kjartan Medaas Radøy
---	-------------------------	----------------------------	------------------------	-------------------------

Garath Wilce og Torbjørn Trageton
fagsekretærar